

Bypakke Ålesund



Foto: Torgeir Emblem

Handlingsprogram 2022-2025

Innhald

| | |
|---|---|
| 1. Om Bypakke Ålesund..... | 2 |
| 2. Mål og styring..... | 2 |
| 2.1 Mål- og resultatstyring | 2 |
| 2.1.1 Hovudmål | 2 |
| 2.1.2 Evaluering av måloppnåing | 2 |
| 2.2 Organisering og styring av Bypakke Ålesund | 3 |
| 3. Økonomi..... | 3 |
| 3.1 Økonomiske rammer..... | 3 |
| 3.2 Bompengar | 4 |
| 3.3 Om porteføljestyling av bypakka | 4 |
| 4. Prioriteringar og porteføljestyling 2022-2025 | 4 |
| 5. Tilskotsordning for mindre byområde..... | 6 |
| 6. Prosjekta i bypakka..... | 7 |
| E136 Breivika-Lerstad | 7 |
| Bymiljøtiltak..... | 7 |
| Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus og Campus..... | 7 |
| Fv. 60 Blindheim-Flisnes | 7 |
| E136 Lerstادتoppen-Campus | 7 |
| Tiltak for kollektivtrafikk, gåing og sykling og trafikktryggleik | 7 |
| Strakstiltak for sykkel | 8 |
| Sykkelveg ved Volsdalen skole | 8 |
| Sykkelveg Tonninggate-Steinvågbrua | 8 |
| Strakstiltak for kollektiv | 8 |
| Snuplass Slinningen | 8 |
| Strakstiltak for trafikktryggleik | 8 |
| Undergang på Bjørge, Ellingsøy..... | 8 |
| Skoleveg Skarbøgata-Hessaskaret..... | 8 |
| Vedlegg..... | 8 |

1. Om Bypakke Ålesund

Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdals fylkeskommune og Statens vegvesen, for å løyse samferdselsutfordringar i Ålesund med mål om å få fleire til å sykle, gå og reise med kollektiv.

I juni 2021 vart bypakka vedtatt i Stortinget med ei samla økonomisk ramme på om lag 4,0 mrd. 2021-kroner. Dette utgjer om lag 4,1 mrd. 2022-kroner. Finansieringa av pakka er basert på innkrevjing av bompengar, samt statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekt i pakka. Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år, med oppstart i 2022.

I 2021 har det vore oppstart på nokre mindre prosjekt, men i hovudsak har det vore arbeida med å klargjere prosjekt for oppstart. I handlingsprogramperioden vil det vere stor aktivitet i bypakka, med oppstart og ferdigstilling av fleire av dei store prosjekta.

2. Mål og styring

2.1 Mål- og resultatstyring

Mål- og resultatstyring er det grunnleggjande styringsprinsippet i offentleg verksemd. Bypakke Ålesund vert styrt etter dette prinsippet. Reint konkret inneber det at overordna, politisk sette mål for bypakka, vert konkretisert på ein slik måte at resultatene i bypakken kan målast, vurderast og følgjast opp.

2.1.1 Hovudmål

Det er fastsett tre hovudmål for Bypakke Ålesund:

- Byen skal ha eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle transportformer. Transportsystemet må møte veksten i transportsektoren.
- Bypakka skal bidra til å utvikle eit framtidretta kollektivtilbod.
- Bypakka skal bidra til attraktiv og berekraftig byutvikling.

Føremålet med bypakka i Ålesund er at fleire skal sykle, gå og reise kollektivt og at delen reiser med personbil skal reduserast.

Ålesund kommune har vedtatt at dei ynskjer å leggje nullvekstmålet til grunn for bypakka. Det er ein føresetnad for å kunne få investeringsmidlar gjennom tilskotsordninga for mindre byområde, at ein forpliktar seg til å følgje opp eit slik nullvekstmål for persontransport med bil. Bypakke Ålesund har derfor som mål nullvekst for persontransport med bil i Ålesund.

2.1.2 Evaluering av måloppnåing

Det vert lagt opp til å gjennomføre teljingar for dei ulike transportformene for å sjå korleis trafikkbiletet utviklar seg i utbyggingsperioden. På prosjektnivå arbeider ein med å utvikle effektmål for prosjekta i bypakka, for å kunne vurdere kva verknad dei ulike prosjekta har i høve måla for bypakka. Dette er eit viktig verktøy for å prioritere dei mindre prosjekta inn i porteføljen. Ein vil følgje opp resultatmåla i gjennomføringa av pakka, for å sikre at dei einskilde prosjekta når måla sine.

2.2 Organisering og styring av Bypakke Ålesund

Det er etablert ei styringsgruppe og eit sekretariat for porteføljestyling av bypakka. Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen deltek som likeverdige parter inn i samarbeidet.

Det går eit skilje mellom prosjektstyring og porteføljestyling. Partane har sjølve ansvaret for å gjennomføre planlegging og utbygging av sine egne prosjekt (prosjektstyring). Styringsgruppa står for porteføljestylinga av pakka og skal sikre at ho vert gjennomført i tråd med Stortinget sitt vedtak. Dette betyr mellom anna at styringsgruppa skal følgje opp at ein held seg innanfor den økonomiske ramma som er fastsett. Sekretariatet førebur saker til styringsgruppa og sikrar god informasjonsflyt og samarbeid mellom partane.

Figuren nedanfor viser organiseringa av Bypakke Ålesund.



3. Økonomi

3.1 Økonomiske rammer

Ramma for Bypakke Ålesund er 4,1 mrd. 2022-kroner. Av dette utgjør dei statlege prosjekta 3,3 mrd. kroner, dei fylkeskommunale prosjekta 0,5 mrd. kroner og dei kommunale prosjekta 0,3 mrd. kroner. Utbygginga vert finansiert av bompengar, statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar, samt refundert momskompensasjon frå staten. Bompengefinansieringa står for om lag 3,2 mrd. kroner, medan 0,9 mrd. kroner er bidrag frå stat, fylkeskommune og kommune.

3.2 Bompengar

Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år, noko som er i tråd med lokalpolitiske vedtak. Det er planlagt oppstart i 2022.

Det vert etablert 13 bomstasjonar med tovegs innkrevjing i Ålesund. Bomstasjonane er plassert i område der det vert bygd eit godt alternativt transporttilbod til personbilen, samt på vegar der det vert gjennomført vesentlege utbetringar.

I Prop. 201 S (2020-2021) er det fastsett ein gjennomsnittstakst på 19,50 2021-kroner, og denne vert nytta som grunnlag for justering av takstane. Med føresetnadene som no er lagt til grunn for finansieringsberekningane, er innkrevjingsperioden rekna til om lag 12 år.

3.3 Om porteføljestyling av bypakka

Bypakke Ålesund vert styrt etter prinsippa for porteføljestyling. All kostnadsauke må følgeleg løysast innanfor den økonomiske ramma til pakka. Dersom kostnadene for nokre av prosjekta aukar, vil dette innebære at andre prosjekt må reduserast eller eventuelt ikkje kan gjennomførast. Dersom enkelte prosjekt vert rimelegare enn føresett, vil det bli rom for fleire prosjekt, alternativt kan innkrevjingsperioden kortast ned.

Bompengeproposisjonen for Bypakke Ålesund føresett sterk kostnadskontroll i gjennomføringa av prosjekta i pakka. Arbeidet med porteføljestylinga skal skje gjennom ei årleg rullering av eit fireårig handlingsprogram med hovudvekt på mål- og resultatstyring.

I følge retningslinjene for porteføljestyrt bypakker skal fylkeskommunen og kommunen bidra med ein eigenandel på minst 20 prosent av den investeringskostnaden for fylkeskommunale og kommunale prosjekt (ekskl. meirverdiavgift). Dette kravet er innfridd i prosjektporteføljen som ligg til grunn for vedtatt bompengeproposisjon og er også førande for porteføljestylinga i gjennomføringa av pakka. Handlingsprogrammet for 2022-2025 er satt opp slik at det samsvarer med kravet til eigenandel.

4. Prioriteringar og porteføljestyling 2022-2025

Styringsgruppa har prioritert prosjekter inn i handlingsprogrammet for 2022-2025 i tråd med måla for bypakka og dei økonomiske rammene som ligg til grunn i Prop. 201 S (2020-2021).

Det vert oppstart av alle tre kollektivknutepunkta i bypakka i perioden. Ein startar med utbygginga av kollektivknutepunktet ved Ålesund sjukehus i 2022. Kollektivknutepunktet i sentrum vil prosjekterast i 2022, mens byggestart vert i 2023. Det vert lagt opp til byggestart for kollektivknutepunktet ved Campus i 2024.

For E136 Brosundbro, Waterfront vert det lagt opp til byggestart i 2023.

For E136 Breivika-Lerstad vert det byggestart i 2022, medan E136 Lerstadtoppen-Campus etter planen vert starta i 2024.

Fv. 60 Blindheim-Flisnes får byggestart i 2024.

I tillegg til dei store prosjekta vert det lagt opp til å planleggje, prosjektere og bygge ut fleire prosjekt under sekkeposten for sykkel, gange, kollektiv og trafikktryggleik.

Handlingsprogrammet for 2022-2025 følgjer i tabellen nedanfor.

BYPAKKE ÅLESUND

Handlingsprogram 2022-2025

2022-kroner

| Prosj. ID | Prosjekt | Veg-eier | Bygg-herre | Gjeldende styringsramme | Budsjett 2022 | HP 2023 | HP 2024 | HP 2025 | Prognose 2022 |
|-----------|---|----------|------------|-------------------------|---------------|---------|---------|---------|---------------|
| 1 | E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset | S | S | 305,1 | | 92,9 | 60,5 | 10,2 | 7,0 |
| 2 | Kollektivknutepunkt i sentrum - Keiser Wilhelmsgt. og Korsegata | FK | F | 85,1 | 7,5 | 50,6 | 25,1 | | 7,5 |
| 3 | Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus | S | S | 68,8 | 9,0 | 58,8 | | | 16,0 |
| 4 | Kollektivknutepunkt ved Campus | SFK | S | 278,6 | | 12,0 | 71,1 | 133,4 | 0,5 |
| 5 | E136 Breivika-Lerstad | S | S | 2 136,0 | 185,0 | 109,2 | 666,0 | 666,3 | 66,0 |
| 6 | E136 Lerstadtoppen - Campus | S | S | 471,0 | | 4,6 | 30,8 | 117,7 | 0,5 |
| 7 | Gang- og sykkelveg, trafikkikkerhet og kollektiv | SFK | SFK | 289,5 | 27,7 | 41,5 | 62,6 | 40,5 | 37,7 |
| 8 | Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger | FK | F | 336,0 | 8,4 | 26,8 | 120,0 | 158,0 | 8,4 |
| 9 | E39 Myrland, påkjøringsrampe | S | S | 53,2 | | | | | |
| 10 | Bomstasjoner | S | S | 42,5 | 32,3 | 9,5 | | | 9,5 |
| 11 | Planlegging og prosjektering | - | - | 53,2 | 10,2 | 9,1 | 7,1 | 6,7 | 10,2 |
| | | | | 4 118,8 | 280,1 | 415,0 | 1 043,2 | 1 132,8 | 163,3 |

Ein utvida tabell som viser partane sin del inn i dei enkelte prosjekta fordelt på eigenfinansiering og bompengar, ligg som vedlegg til handlingsprogrammet.

På nokre prosjekt er det avvik mellom planlagt forbruk i 2022 (prognose) og tildelte midlar. Det er derfor tatt med ei kolonne som viser prognosen for 2022. Ver og oppmerksom på at i dei tilfelle der det er avvik mellom budsjett 2022 og prognose 2022, så vil ein få overført meir- eller mindreforbruk til 2023. Kolonne *HP 2023* viser finansieringsbehovet i 2023 og dette vil då avvike frå planlagd produksjon. For E136 Breivika -Lerstad, der det vert overført ein del midlar til 2023, vil altså produksjonen i 2023 vere høgare enn det som går fram av tabellen.

Arbeidet med prosjekt 10 Bomstasjonar er delt mellom Statens vegvesen og Vegamot. Statens vegvesen sin kostnad er 10,2 mill. kroner medan 32,3 mill. kroner er knytt til Vegamot sitt arbeid. Vegamot har inngått ein leasingkontrakt noko som fører til at deira investeringskostnad er fordelt ut over fleire år. Beløpet på 32,3 mill. kroner i budsjettet for 2022 er altså ikkje bompengar som skal trekkast opp i år, men må sjåast på som noverdien av Vegamot sin investeringskostnad som reelt sett er fordelt over fleire år.

Tabellen nedanfor viser ei nærare oppstilling over kva prosjekt som er prioriterte på post 7 Gang- og sykkelveg, trafikktryggleik og kollektiv.

Handlingsprogram - Post 7 Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv 2022-kroner

| Nr. | Prosjekt prioritert i sekkepost | Veg- eier | KO 2022-kr | Budsjett 2022 | HP 2023 | HP 2024 | HP 2025 |
|-----|---|--------------|---------------|------------------|------------|------------|------------|
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - Stat | S | 10,6 | | | | |
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - FK | F | | 7,0 | | | |
| 701 | Strakstiltak eks. sykkelnett - ÅK | K | | 1,8 | | | |
| 702 | Sykkelveg ved Volsdalens skole | F | 42,5 | | 4,0 | 15,5 | 23,0 |
| 704 | Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua | F | 10,6 | 3,0 | 11,5 | | |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Stat | S | 10,6 | | | | |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - FK | F | | 2,0 | | | |
| 731 | Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - ÅK | K | | | | | |
| 732 | Hessafjordvn-Slinningen med snuplass | K | 26,6 | 4,5 | | | |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen | S | 26,6 | | | 5,0 | 3,9 |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen | F | | | 2,0 | 3,0 | 3,9 |
| 733 | Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen | K | | | 2,0 | 3,0 | 3,8 |
| 734 | Fremkommelighet- Aspøya | K | 10,6 | | 5,3 | 5,3 | |
| 738 | Busstopp på Moa, tiltak for bedre bussavvikling | S | 5,3 | 10,0 | 5,0 | | |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Stat | S | 10,6 | | | | |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - FK | F | | 5,8 | | | |
| 761 | TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - ÅK | K | | 3,6 | | | |
| 762 | Fortau Ytre Hessen(fra skolen) | K | 15,9 | | 7,5 | 13,5 | |
| 763 | Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy | F | 21,3 | | 2,0 | 13,3 | 6,0 |
| 765 | TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum | K | 2,9 | | | 4,0 | |
| 766 | Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret | F | 4,3 | | 2,3 | | |
| | Sum | | 198,5 | 37,7 | 41,5 | 62,6 | 40,5 |

Det vil bli søkt om tilskotsmidlar for 2022 til prosjekt 738 Busstopp på Moa. Styringsramma for prosjektet er på 15 mill. kroner, fordelt med 10 mill. kr i 2022 og 5 mill. kr i 2023. Dette er lagt inn under budsjett 2022 i den detaljerte tabellen for sekkeposten ovanfor, men ikkje i hovudtabellen for handlingsprogrammet på side 5. Der er beløpet på 10 mill. kr i 2022 lagt inn under prognosen for året ettersom ein ikkje har fått midlane. Om ein ikkje får tilskotet må dette dekkast inn gjennom Post 7.

Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua er planlagd starta opp i 2022. Det kan vere naudsynt å auke styringsramma for prosjektet for å gjennomføre prosjektet som tenkt.

5. Tilskotsordning for mindre byområde

For å leggje til rette for ei klima- og miljøvenleg byutvikling og god framkome har regjeringa etablert ei ny tilskotsordning for mindre byområde. Føremålet med ordninga er å styrke satsinga på kollektivtrafikk, sykling og gange. Midlane som vert tildelt gjennom ordninga vil gå til mindre investeringar i gang- og sykkelveg og kollektivtiltak på riksveg, fylkesveg og kommunal veg.

Det ligg midlar inne til tilskotsordninga i statsbudsjettet for 2022. Bypakke Ålesund fyller vilkåra for å søkje tilskot og vil søkje om å få tildelt slike midlar til kollektivprosjektet Busstopp ved Moa i 2022.

Ein vil vidare jobba fram aktuelle prosjekt for dei påfølgande åra i handlingsprogramperioden, og søkje tilskot årleg.

6. Prosjekta i bypakka

Nedanfor følgjer ei kort beskriving av prosjekt i bypakka og handlingsprogrammet for 2022-2025. Merk at dette ikkje er ei uttømmende liste og at bypakka omfattar fleire prosjekt.

E136 Breivika-Lerstad

E136 er innfartsvegen til Ålesund. E136 Breivika-Lerstad er det største prosjektet i Bypakke Ålesund. Prosjektet skal bidra til å fremje miljøvennleg transport ved å frigjere vegkapasitet til buss, og ved å leggje til rette for fotgjengarar og syklistar. Prosjektet skal gi betre framkomst, redusert reisetid og betre trafikktryggleik. Betre kapasitet og framkomst på denne veggen vil òg vere viktig for næringstransporten i Ålesund. Prosjektet omfattar bygging av ein ny 4-felts veg i tunnel frå Breivika til Lerstad, ei strekning på om lag 3 km. I vest skal det byggjast eit nytt toplanskryss.

Bymiljøtiltak

Ny gate- og nytt kollektivknutepunkt i sentrum gir grunnlag for ei meir effektiv trafikkavvikling av kollektivtrafikken i Ålesund. Kollektivtrasear i tilkomstgatene for kollektivtransporten i sentrum, samt sykkelfelt over den nye Brosundbroa og gangpassasje under denne og Hellebroa langs Brosundet bidrar til ønska byutvikling. Tiltaka omfattar òg naudsynt ombygging og regulering av eksisterande gater, slik at gåande og syklande kan prioriterast og ein oppnår god trafikkflyt gjennom einvegsregulering av gater.

Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus og Campus

Utvikling av kollektivknutepunkt ved Campus og sjukehuset gir grunnlag for vidareutvikling og auka vekst i kollektivtransporten. Begge desse områda er sentrale knutepunkt i byen, både for arbeidsplassar og bumiljø. Det er eit stort potensial for overgang frå bil til kollektiv, gåing og sykkel i begge områda.

Fv. 60 Blindheim-Flisnes

I prosjektet Fv. 60 Blindheim-Flisnes vil ein sanere kryss på fylkeskommunal og kommunal veg, og leggje til rette for gåande, syklande og kollektivtrafikk. Det er regulert rundkøyring ved Blindheimshallen og midtdelar på fv. 60. Planen gir grunnlag for auka kollektivbruk i området ved at det er regulert busstrasé mot Myrland og nye busslommer ved Hatlehol kirke. Det nye vegsystemet vil opne for utbygging av nye bustadareal i Blindheimslia. Gjennomføring av planen gir betydeleg betra trafikktryggleik i området.

E136 Lerstadtoppen-Campus

Prosjektet E136 Lerstadtoppen-Campus følgjer i ei direkte forlenging av hovudprosjektet i bypakka, E136 Breivika-Lerstad. Prosjektet inneber ei utviding av E136 til 4-felts veg/veg med sambruksfelt frå avslutninga av Breivika-Lerstad-prosjektet fram til Campus, samt eit nytt tunnellop og ei ny tofeltsbru i retning Campus. Total lengde for heile prosjektet er om lag 2,9 km.

Tiltak for kollektivtrafikk, gåing og sykling og trafikktryggleik

Det skal gjennomførast tiltak retta mot gåande, syklande og kollektiv både på riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar. Det er lagt inn om lag 300 mill. 2022-kr til ei rekke mindre tiltak for kollektivtrafikk, gåing og sykling og trafikktryggleik. Prosjekta er spreidde over heile byen, i tråd med tidlegare prioriteringar av bystyret i Ålesund.

Strakstiltak for sykkel

Strakstiltaka for sykkel inneber mellom anna siktutbetring, sikring i kryss, fjerning av bommar som er til hinder og skilting av sykkelveg. Byggestart i 2022.

Sykkelveg ved Volsdalen skole

Målet er å bygge ei sikker sykkelløysing langs Borgundveg ved Volsdalen skole. Planlagt byggestart i 2024.

Sykkelveg Tonningsgate-Steinvågbrua

Prosjektet skal auke tryggleiken til dei som går og sykklar og er ein del av ein framtidig samanhengande sykkelveg mellom Hessa og sentrum. Planlagt byggestart 2023

Strakstiltak for kollektiv

Bussruter skal endrast og forenklast, og det er behov for merking og fysiske tiltak. Planlegginga er i gang. Planlagt utført i 2022.

Snuplass Slinningen

Kollektivtiltak 2 – Snuplass for buss på Slinningen er eit av to prosjekt ved området Slinningen. Dette tiltaket inneber å byggje ein snuplass for bussane som fjernar behovet for ringdrift på Hessa. Bussane går i dag forbi den framtidige snuplassen via Slinningsvegen og fortset vest på Kaptein Linges veg, vidare mot byen. Osane haldeplass, ved Skarbøvika ungdomsskole, vert i dag nytta for å regulere bussane og få dei i riktig rute. Reguleringstida på Osane er opp mot 10-11 minutt. Overgangen frå ringdrift til pendel er ein føresetnad for å få jamn frekvens og unngå reguleringstid undervegs med passasjerar i bussane. Ei regulering av linje 1 Slinningsodden på enden, gjer det mogleg med takting mot linje 1 Sævollen og tilbodet som startar i sentrum. Snuplassen på Slinningen gjer det derfor mogleg med ei stor omlegging av busstilbodet som gir bebruarane på store deler av Hessa ei betydeleg raskare reisetid mot sentrum.

Strakstiltak for trafikktryggleik

Det skal gjerast mindre utbetringar av trafikkfarlege punkt i Ålesund. Byggestart i 2022.

Undergang på Bjørge, Ellingsøy

Bjørgekrysset ligg midt i opptaksområdet for Stokke og Vik skule på Ellingsøya. Prosjektet skal gje trygg kryssing av fylkesvegen for dei som tar buss, går eller sykklar. Planarbeidet er i gang. Planlagt byggestart i 2024.

Skoleveg Skarbøgata-Hessaskaret

Det skal utførast TS-tiltak på strekninga for å betre forholda for mjuke trafikantar. Planlagt byggestart i 2023.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Handlingsprogram 2022-2025, Detaljert oversikt.

Vedlegg 1 – Handlingsprogram 2022-2025, Detaljert oversikt.

BYPAKKE ÅLESUND

Handlingsprogram 2022-2025

| Prosjekt | Finans. | 2022-kroner | | | Budsjett 2022 | | | HP 2023 | | | HP 2024 | | | HP 2025 | | | Prognose 2022 | | |
|--|---------|--------------|---------|-------------------------|---------------|-------|-------|--------------|-------|-------|--------------|-------|---------|--------------|-------|---------|---------------|------|-------|
| | | Egen-finans. | Bom | Gjeldande styringsramme | Egen-finans. | Bom | Sum | Egen-finans. | Bom | Sum | Egen-finans. | Bom | Sum | Egen-finans. | Bom | Sum | Egen-finans. | Bom | Sum |
| Stat | S | 634,9 | 2 672,5 | 3 307,4 | 139,0 | 87,3 | 226,3 | 110,7 | 179,3 | 290,0 | 196,8 | 629,6 | 826,4 | 130,8 | 744,7 | 875,5 | 109,5 | | 109,5 |
| Fylkeskommune | F | 90,4 | 390,5 | 480,8 | 1,6 | 28,6 | 30,2 | 15,0 | 54,8 | 69,8 | 15,0 | 113,0 | 128,0 | 41,9 | 133,8 | 175,7 | 1,6 | 28,6 | 30,2 |
| Kommune | K | 193,5 | 137,1 | 330,6 | 23,7 | | 23,7 | 15,0 | 40,2 | 55,2 | 20,0 | 68,9 | 88,9 | 59,2 | 22,5 | 81,6 | 23,7 | | 23,7 |
| Sum | SFK | 918,8 | 3 200,1 | 4 118,8 | 164,3 | 115,9 | 280,1 | 140,7 | 274,3 | 415,0 | 231,8 | 811,4 | 1 043,2 | 231,8 | 901,0 | 1 132,8 | 134,7 | 28,6 | 163,3 |
| 1 E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset | S | 52,5 | 252,6 | 305,1 | | | | 36,9 | 56,0 | 92,9 | 12,5 | 48,0 | 60,5 | | 10,2 | 10,2 | 7,0 | | 7,0 |
| - Fylkeskommune | F | | 42,5 | 42,5 | -0,3 | 4,1 | 3,8 | | 25,3 | 25,3 | | 13,2 | 13,2 | | | | -0,3 | 4,1 | 3,8 |
| - Kommune | K | 24,9 | 17,6 | 42,5 | 3,8 | | 3,8 | 14,0 | 11,3 | 25,3 | 5,6 | 6,3 | 12,0 | | | | 3,8 | | 3,8 |
| 2 Kollektivknutepunkt i sentrum - Keiser Wilhelmsgt. | FK | 24,9 | 60,2 | 85,1 | 3,4 | 4,1 | 7,5 | 14,0 | 36,6 | 50,6 | 5,6 | 19,5 | 25,1 | | | | 3,5 | 4,1 | 7,5 |
| 3 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus | S | 10,4 | 58,4 | 68,8 | 9,0 | | 9,0 | 0,5 | 58,4 | 58,8 | | | | | | | 16,0 | | 16,0 |
| - Stat | S | 35,1 | 169,0 | 204,1 | | | | | 10,0 | 10,0 | 8,9 | 55,2 | 64,1 | 15,0 | 62,4 | 77,4 | 0,5 | | 0,5 |
| - Fylkeskommune | F | 11,0 | 42,2 | 53,2 | | | | | 1,5 | 1,5 | | 5,0 | 5,0 | 11,0 | 29,0 | 40,0 | | | |
| - Kommune | K | 12,4 | 8,8 | 21,3 | | | | | 0,5 | 0,5 | | 2,0 | 2,0 | 9,7 | 6,3 | 16,0 | | | |
| 4 Kollektivknutepunkt ved Campus | SFK | 58,6 | 220,0 | 278,6 | | | | | 12,0 | 12,0 | 8,9 | 62,2 | 71,1 | 35,7 | 97,8 | 133,4 | 0,5 | | 0,5 |
| 5 E136 Breivika-Lerstad | S | 455,7 | 1 680,3 | 2 136,0 | 130,0 | 55,0 | 185,0 | 73,2 | 36,0 | 109,2 | 166,0 | 500,0 | 666,0 | 80,0 | 586,3 | 666,3 | 66,0 | | 66,0 |
| 6 E136 Lerstadtoppen - Campus | S | 81,1 | 389,9 | 471,0 | | | | 0,9 | 3,7 | 4,6 | 9,4 | 21,4 | 30,8 | 35,8 | 81,9 | 117,7 | 0,5 | | 0,5 |
| - Stat | S | | 21,6 | 21,6 | | | | | 5,0 | 5,0 | | 5,0 | 5,0 | | 3,9 | 3,9 | 10,0 | | 10,0 |
| - Fylkeskommune | F | 31,9 | 122,9 | 154,8 | 1,9 | 15,9 | 17,8 | 10,0 | 11,7 | 21,7 | 5,0 | 26,8 | 31,8 | 5,0 | 27,9 | 32,9 | 1,9 | 15,9 | 17,8 |
| - Kommune | K | 66,2 | 46,9 | 113,1 | 9,9 | | 9,9 | | 14,8 | 14,8 | | 25,8 | 25,8 | | 3,8 | 3,8 | 9,9 | | 9,9 |
| 7 Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv | SFK | 98,1 | 191,4 | 289,5 | 11,8 | 15,9 | 27,7 | 10,0 | 31,5 | 41,5 | 5,0 | 57,6 | 62,6 | 5,0 | 35,5 | 40,5 | 21,8 | 15,9 | 37,7 |
| - Fylkeskommune | F | 43,8 | 168,8 | 212,6 | | 5,0 | 5,0 | 2,1 | 14,7 | 16,8 | 10,0 | 65,0 | 75,0 | 25,9 | 74,1 | 100,0 | | 5,0 | 5,0 |
| - Kommune | K | 72,2 | 51,1 | 123,3 | 3,4 | | 3,4 | | 10,0 | 10,0 | 13,4 | 31,6 | 45,0 | 48,5 | 9,5 | 58,0 | 3,4 | | 3,4 |
| 8 Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger | FK | 116,0 | 219,9 | 336,0 | 3,4 | 5,0 | 8,4 | 2,1 | 24,7 | 26,8 | 23,4 | 96,6 | 120,0 | 74,4 | 83,6 | 158,0 | 3,4 | 5,0 | 8,4 |
| 9 E39 Myrland, påkjøringsrampe | S | | 53,2 | 53,2 | | | | | | | | | | | | | | | |
| 10 Bomstasjoner | S | | 42,5 | 42,5 | | | 32,3 | 32,3 | -0,7 | 10,2 | 9,5 | | | | | | 9,5 | | 9,5 |
| - Stat | S | | 5,1 | 5,1 | | | | | | | | | | | | | | | |
| - Fylkeskommune | F | 3,7 | 14,1 | 17,7 | | 3,6 | 3,6 | 2,9 | 1,6 | 4,5 | | 3,0 | 3,0 | | 2,8 | 2,8 | | 3,6 | 3,6 |
| - Kommune | K | 17,7 | 12,6 | 30,3 | 6,6 | | 6,6 | 1,0 | 3,6 | 4,6 | 1,0 | 3,1 | 4,1 | 1,0 | 2,9 | 3,9 | 6,6 | | 6,6 |
| 11 Planlegging og prosjektering | SFK | 21,4 | 31,8 | 53,2 | 6,6 | 3,6 | 10,2 | 3,9 | 5,2 | 9,1 | 1,0 | 6,1 | 7,1 | 1,0 | 5,7 | 6,7 | 6,6 | 3,6 | 10,2 |